KONSERT

Vamp
Øyvind Staveland, Carl Øyvind Apeland, Odin Staveland, Paul Hansen, Torbjørn Økland, Eivør Pálsdóttir og Torstein Lofthus
Tysværtunet
Utsolgt

Dette spelte dei:
Benonis Voggesang
Liten fuggel
Juli
Kom du nå va
Trøllabundin
Elisabeth og Elinborg
Karusell
Lindehålsmaen
Sitte å tenke
Ord
Skål
Eg veit
Se meg
Hallo - Adjø
Brista eller bera
Men går eg øve engene
Ingeborg
På bredden
Månemannen
Tir Na Noir
Liten fuggel

Liten fuggel –

Vamp imponerte i Tysværtunet. Det blei ei flott blanding av songar frå heile karrieren til bandet.

Staveland, Hansen og Økland. Terningkast seks.

Det handlar om evna til å fornye seg, om kvalitet, og om å hente fram den litla perla som gjer ein konsert til noko heilt spesielt. Vamp kan og vil også i 2012.

Me har skrive og sagt mykje fint om Tysværtunet som konsertsal. Tysdag fekk me eit døme på kor bra det kan vere. Strålande lys og eit fantastisk lydbilete. På scenen Vamp, sprudlande, ettertenksame og betre enn nokon gong. For mange i salen var dette første gjensyn sidan suksessen med KORK i Tysvær Arena, og for eit gjensyn det blei.

Utruleg

Når ein har Vamp sin katalog å plukke songar frå er det lett å gå i fella. For i salen sat folk og venta på akkurat sin favoritt. Nokre på den siste storhiten «Liten fuggel» andre på gamle klassikarar som «Månemannen» og «Tir Na Noir». Øyvind Staveland og hans menn og kvinne har vore ute ein hauststorm før og veit kva som må til. Difor fekk me 21 songar frå «Juli» til «Liten Fuggel». Ein song frå kvar ende av suksesstida til bandet.

Og det er nesten utruleg å sjå spelgleda og dei musikalske ferdigheitene bandet har. For nokre av oss er halvannan time med Torbjørn Økland balsam for både sjel og skjorta. Det er gitarspel i verdsklasse. Denne gongen var det også funne meir plass til Carl Øyvind Apeland sin bass. Spesielt på sin eigen «Ingeborg» var Apeland stor.

Carl Øyvind Apeland og Øyvind Staveland har vore med sidan starten og har framleis mykje energi å dele med publikum.

Eivør Pálsdóttir har forlengst blitt ein av Vamp.

stor konsert

Foto: Alf-Einar Kvalavåg

Det er berre å ta av seg hatten for Odin Staveland og Vamp. Det blei ein historisk rundtur frå «Liten fuggel til «Liten Fuggel». Tysværtunet var fylt til randen då Vamp gjesta storsalen på tysdag.

Øyvind og Odin Staveland er på mange måtar «turboen» i Vamp-maskineriet. Begge hadde ein god dag på jobb i Tysværtunet. Odin som stadig tar over meir av vokalen i bandet strålte om kapp med responsen frå salen og koste seg like mykje bak trommene og det gamle trøorgelet, som bak mikrofonen. Og det er viktig. For som sagt, Vamp har vore mykje ute og spelt og dei fleste har høyrt dei live både to og tre gonger før. Med Odin og Eivør Pálsdóttir har bandet fått nye stemmer, stemmer som fungerer og som blir godt tatt i mot. Pálsdóttir fikk faktisk kveldens første skikkelige applaus då ho song om systrene sine i «Elisabeth og Elinborg».

Hansen

I ein slik konsert blir det alltid litt smaken som baken når ein skal hente fram det aller beste. Me endar på Paul Hansen og hans fantastiske versjon av «Kim du nå va» tidleg i konserten. For i alle vellyden, dei fantastiske prestasjonane og ljoshavet som omkransa oss, blir Hansen stående igjen som prikken over i-en. Også på eviggåande «Tir Na Noir» var Hansen skikkeleg på. For det er ikkje muleg, sjølv etter alle desse platene og konsertsuksessane å styre utanom «Tir Na Noir».

Så sto me der tilslutt og tenkte ein stille tanke om at slik vil me ha meir av i Tysvær. Allreie til helga kan me velje enten Maria Mena eller Bjørn Eidsvåg. Konsertsalar som duger har me i alle fall.

«Så takk skal dokker ha Vamp, for alt det fina som dokker har laga».

Alf-Einar Kvalavåg

Odin Staveland var overalt. Stemma hans blir meir og meir sentral i Vamp-konsertane.

Magiske fingrar på utallige gitarar. Torbjørn Økland er verd ein konsert aleine.